

GOL OG HEMSEDAL

# Kyrkjeblad

Nr. 2

April 2020

71. årgang



## INNHOLD

Min salme .....	2
Andakt .....	3
HEKTA.....	4 - 5
På besøk hjå Olav F. Tveit.....	6 - 8
Uforutsigbar vår .....	8
Intervju med soknerådleiaren .....	9
Fasteaksjonen 2020 .....	9
Kunngjeringar.....	10
Gudstenester .....	11
Påskens fra A - Å.....	12

## GOL, HERAD OG HEMSEDAL

**Gol kyrkjekontor** - Gol kommunehus 3. etg  
**Eksp. tid mån–fre 9.00–15.00**  
Tlf: 32 02 90 00 • [kirkja@gol.kommune.no](mailto:kirkja@gol.kommune.no)  
[www.gol.kirkja.no](http://www.gol.kirkja.no)

**Kyrkjeverje:**  
**Anne Gerd Jorde**  
Dir.tlf. 32 02 91 35 • Mobil: 971 58 134  
[anne.gerd.jorde@gol.kommune.no](mailto:anne.gerd.jorde@gol.kommune.no)  
fri onsdagar

**Sokneprest:**  
**Arnstein Bleiktvedt**  
Mob: 958 28 706 - Fri måndagar  
[arnstein.bleiktvedt@gol.kommune.no](mailto:arnstein.bleiktvedt@gol.kommune.no)

**Diakon:**  
**Martha Frøyland Bleiktvedt**  
Dir.tlf. 32 02 91 38 • Mobil: 476 27 663  
[martha.froyland@gol.kommune.no](mailto:martha.froyland@gol.kommune.no)

**Organist:**  
**Justin Vickery**  
Tlf. 474 75 580 • [justin.vickery@gol.kommune.no](mailto:justin.vickery@gol.kommune.no)  
Kontortid onsdagar kl 14.30–16.00

**Sekretær:**  
**Thorunn Haugo** Tlf: 32 02 91 39  
[thorunn-helene.haugo@gol.kommune.no](mailto:thorunn-helene.haugo@gol.kommune.no)  
Kontortid: annakvar måndag, kvar tirsdag,  
onsdag og torsdag

**Kyrkjeterarar:**  
**Ludvig Munkejord** Tlf: 911 22 763  
**Knut Ole Klepp** Tlf: 906 58 761

**Trusopplærar for Gol og Hemsedal:**  
**Britt Marie Haraldset Hafssås** Tlf. 951 22 136  
[britt-marie.haraldset-hafssas@gol.kommune.no](mailto:britt-marie.haraldset-hafssas@gol.kommune.no)

**Hemsedal kyrkjekontor** - Hemsedal kommunehus  
Hemsedalsvegen 2889, 3560 Hemsedal  
**Eksp. tid mån – tor 9.00–15.00 fre 9.00–12.00**  
Tlf. 31 40 88 45 • [www.hemsedal.kirkja.no](http://www.hemsedal.kirkja.no)  
[kirkjekontoret@hemsedal.kommune.no](mailto:kirkjekontoret@hemsedal.kommune.no)

**Kyrkjeverje:**  
**Kjetil Th. Storebråten**  
Tlf: 31 40 88 45 • Mob: 908 21 745  
[kjetil@hemsedal.kommune.no](mailto:kjetil@hemsedal.kommune.no)  
Kontortid: Mån–tor: 9.00–15.00 fre: 9.00–12.00

**Sokneprest:**  
**Ruth Kari Sørumshagen**  
Mob: 986 26 436 • [ruth.kari.sorumshagen@hemsedal.kommune.no](mailto:ruth.kari.sorumshagen@hemsedal.kommune.no)

**Kantor:**  
**Peter Rødel**  
Tlf: 950 49 045 • [kapec10@hotmail.no](mailto:kapec10@hotmail.no)

**Kyrkjeterar:**  
**Wilfried Westera**  
Tlf. 971 09 922 • [wilfriedwestera@live.nl](mailto:wilfriedwestera@live.nl)

**Gravplassen:**  
**Hans Vidar Sørensen**  
Tlf: 911 76 827 • [sorensen.hv@gmail.com](mailto:sorensen.hv@gmail.com)

**Sokneråda og fellesråda:**  
**Gunn Astrid Frøysok**  
Leiar Gol og Herad  
Tlf. 990 34 376  
**Håvard Venås**  
Leiar Hemsedal  
Tlf. 908 42 422

**Ynskjer du å gje ei gåve til kyrkja:**  
Hemsedal: 2367.20.49482  
Gol: 2324.20.01354  
Herad: 2324.62.05795

## GOL OG HEMSEDAL KYRKJEBLAD

**Antall nr.:** 6 nummer i året  
**Redaksjon:** Sølvi Larsen Aalrust (red.), Kjell Slætten, Gunnar Rudningen, Hilde Moe Hillestad, Kristine Viko, Ludvig Munkejord.  
**Ekspedisjon:** Kyrkjekontoret, 3550 Gol  
**Kasserar:** Arne Oddmund Tuv, 3560 Hemsedal.

**Utgjevar:** Kyrkja i Gol, Hemsedal og Herad  
**E-post:** [oaalrust@online.no](mailto:oaalrust@online.no)  
**Bankgiro:** Sparebank 1 Hallingdal 2367.60.00097



TEKST OG FOTO: **KJELL SLÄTTEL**

### MIN SALME

**MARI EIKLID**



Salmegjesten i dette nummeret har ein lang yrkeskarriere bak seg som bankfunksjonær før ho vart pensjonist. Rundt tusenårsskiftet var ho også i fleire år redaksjonssekretær i Kyrkjebladet.

Mari skulle eigentleg på trykk i juledenummeret. Men salmen ho har valt seg; "Gud signe vårt dyre fedreland" av Elias Blix, passar betre når snart "no livnar det i lundar", ein salme som elles også Blix har skrive. Mari var difor skjønt einig i å bli sett "på vent".

Om salmevalet sitt seier ho: - Eg synest det er ein veldig fin salme, både tekst og melodi! Eg hører den som regel på P1 radio kvar sundag morgon klokka sju.

Ho synest elles Elias Blix er ein interessant diktar og personlegdom. Interessa vart ikkje mindre etter at ho hørde artisten Kine Hellebust i Gol kyrkje for nokre år sidan, der ho fortalte om Blix og framførde av songane og salmane hans.

- Og så skriv han på nynorsk, det synest eg er bra!

### Gud signe vårt dyre fedreland

T: Elias Blix, 1890  
M: C.E.F. Weyse, 1826

Gud signe vårt dyre fedreland  
og lat det som hagen bløma!  
Lat lysa din fred frå fjell til strand  
og vetter for vårsol røma!  
Lat folket som brøder saman bu,  
som kristne det kan seg søma!

Vil Gud ikkje vera bygningsmann,  
me fåfengt på huset byggja.  
Vil Gud ikkje verja bygd og land,  
kan vaktmann oss ikkje tryggja.  
Så vakta oss, Gud, så me kan bu  
i heimen med fred og hyggja!

No er det i Noreg atter dag  
med vårsol og song i skogen.  
Om sædet enn gror på ymist lag,  
det brydder då etter plogen.  
Så signe då Gud det gode såd,  
til groren ein gong er mogen!

**SpareBank 1**  
HALLINGDAL VALDRES

Flå - Nesbyen - Gol - Hemsedal - Ål - Geilo

Du finner oss i hele Hallingdal • [sb1.no](http://sb1.no) • tlf. 915 03 202

# Du er aldri alene

De første som kom til Jesu åpne, tomme grav het Maria, Johanna og Maria. Det står i Lukasevangeliet at de simpelthen ikke visste hva de skulle tro, denne tidslige morgenen. De var der for å gjøre det de ikke rakk to dager tidligere, nemlig å stelle Jesu døde kropp. Og så finner de graven tom! De ble redde og bekymret.

**D**a kvinnene fortalte det videre til de elleve apostlene, møtte de måpende undring. De mente det hele var løst snakk og trodde dem ikke.

Apostlene hadde tross alt ingen fasit å forholde seg til, og de hadde egentlig mistet alt håp, den mørke, lange fredagen. Han som hang der på korset i midten hadde gitt dem håpet om en ny verden, en annen tid, en annerledes verdensordning. En tid da den forhatte okkupasjonsmakten ikke lenger fritt kunne trakassere, mishandle og voldta uskyldige mennesker. En verden der døden ikke skulle ha det siste ordet.

De tre venninnene ble sett på som forvirrede kvinner som før med løst snakk. I samtiden ble kvinner ikke regnet for å være pålitelige vitner i saker der vesentlige ting stod på spill. Men det er de som får nøkkelen, det er de som bevitner og formidler den største hendelsen i verdenshistorien. Da de fant Jesus levende, var det et sjokk av glede – et sjokk det var svært vanskelig å begripe eller venne seg til å tro på. Men det går

ikke lang tid før oppstandelsen blir fundamentet for en helt ny forståelse av livet.

Snart blir den første dagen i uken, og den gleden og feiringen som kom til å prege den, selve kjennetegnet på hva kristendom er. På Herrens dag kom de sammen, ofte i hemmelighet for å unngå forfølgerne, og for å tilbe den oppstandne. I troen på ham fant de næring til håpet om det evige livet. Livet hadde tatt en helt ny vending, og de begynte å fortelle. Midt i en verden av likegyldighet og kynisme gikk en liten gruppe mennesker omkring og bar på et håp. Midt i forfølgelsen, midt i forundringen, midt i lengselen.

Det var nedenfra det startet. Det håpet kvinnene først forkynnte var en kraft som etter hvert rokket imperiet. Det nådde verdensdel etter verdensdel. Over deres hoder vokste det snart fram palass og katedraler, men de som bærer på det stillferdige håpet, går ikke maktens ærende. De går hele tiden nær dem som har mistet sitt håp, for å løfte, bære og reise opp de svake.

TEKST: INGVILD ORSET SVELLO OG MARTHA FRØYLAND BLEIKTVEDT

ta vare på Guds skaparverk. Totalt er det rundt 400 kyrkjelydar rundt i Norge som er registrert som grøn kyrkjelyd.


For å bli grøn kyrkjelyd må kyrkjelyden ha gått gjennom ei liste med punkt og krysse av 25 konkrete tiltak for å bli meir miljøbevisste. Blant dei 25 punkta Gol og Herad sokneråd valte ut seier det eine punktet:

**«Vi vil unngå bilkøyring i nærmiljøet og på korte turar.»**

Over halvparten av utsleppa på nasjonalt nivå i Den norske kyrkje kjem frå reising. Den Norske kyrkje sentralt oppfordrar derfor å kutte ned akkurat dette. Målet er å redusere utsleppa frå reising med 8% årleg, totalt 50% innan 2030.

Lokalt i Hallingdal er det kanskje ikkje flyreise som er hovudutfordinga, men bilkøyring. Det er ikkje alltid lett å benytte seg av kollektiv transport, og ein er ofte avhengig av bil. Likevel kan vi

**ANDAKT**  
**BISKOP JAN OTTO MYRSETH**



Gleden og håpet som gryr fra den tomme graven og etter møtet med den oppstandne, har overlevd gjennom skiftende år i to tusen år. Også denne påsken skal håpet formidles i ord og toner, gjennom omsorg og kjærlighet. Mennesker kommer sammen for å oppsøke den oppstandne og levende, midt i en verden full av fortvilelse og død. Etter sitt løfte er han selv til stede, midt i blant oss, i vår tid og våre liv, når to eller tre er samlet i hans navn.

Opplevelsen som ble til livets fundament for Maria, Johanna og Maria er også vårt håp: Frykt ikke mere! Ewig er han med. Troens øye ser det: Han gir liv og fred.

tenke gjennom livsstilen vår og sjå på om det er noko vi kan endre oss på slik at bilkøyring reduserast. Til dømes planlegging av handletur ein gong i veka saman med andre ærend i sentrum. Samkøyring med andre når det er mogleg er også eit godt døme. Eller når ein først er i sentrum-område kan ein ha som vane å gå istadenfor å køre fleire småturar.

Mange er opptatte av dette temaet og brukar sin kreativitet til å forbetre kollektivtilbudet. «Brakar Fleks Gol sentrum» er ei teneste som nettopp har starta. Dette gjer det også mogleg for dei som har helseutfordringar til lettare å være med på dugnaden. Vi veit at det er mange som er opptatte av miljøet og gjer sitt beste. Hvis alle gjer litt, blir det betydelig forskjell etter kvart. Vi står saman for vår felles framtid.



Åpningsseremonien var i Lysgårdsbakken.  
Der var unnarennet på bakken opplyst med eit  
stort kors, det var masse fakkelskars og seremonien  
vart avslutta med eit fantastisk fyrværkeri.



# HEKTA

TEKST OG FOTO: BRITT MARIE HARALDSET HAFSÅS

Konfirmantane frå Gol og Hemsedal, og om lag 100 andre konfirmantar, fylte Håkons hall på Lillehammer 7.-9. februar. Her var det gruppessamlingar, show, mat, undervisning, soving i baser høgt oppe på tribunene. Fredagskvelden var det åpningsshow i Lysgårdsbakken, med tenninng av OL-ilden, fyrværkeri og fakkeltog tilbake til Håkons hall.

Laurdag og sundag var det aktivitetar i hallen og i Lillehammer og omegn. Nokon var på museum, nokon bada, andre var i Hafjell og stod på ski. På Kanthaugen var det mellom anna aking, og på Birkebeineren skistadion kunne ein prøve seg på

skiskyting og boblefotball, for å nemne noko. Her skulle det vere noko for einkvar smak! Nokon fekk og prøvd bob-bana, eller kva med ein runde curling?

I undervisninga og på gudstenesten fekk ein sjå og høre dyktige dansarar, band, forteljar Anne Persdotter Flugstad, prest Sunniva Gylver og formidler Tore Thomassen. Dette gjorde det til eit godt og variert program.

Ei flott helg, fullstappa med program, og slitne men nøgde (?) ungdomar – og vaksne (!) kom heim seit sundag kveld. Nokon er kanskje HEKTA og vil vere med på leir igjen?

Påskeleiren på Mesnali er avlyst, men HEKTA kjem nok tilbake med nye leirar så snart det er mogleg. Følg med!



Etter avslutningsseremonien gjekk konfirmantane i fakkeltog for flyktningar i verda.

# *Vi skal møtes*

AV: HANS-OLAV MØRK, 2020

*Vi skal møtes  
når dette er over,  
ved et bord i en  
smekkfull kafé,  
i en kirke,  
i midtgangens vrimmel  
mot Guds alter  
og det som skal skje.  
Vi skal feire  
og synge  
og le.*

*Vi skal gi til hverandre  
et løfte,  
at vi møtes  
når veien er gått.*

*Når det mørke og vonde  
er bak oss,  
når den prøven vi fikk,  
er bestått,  
skal vi dele det svar  
vi har fått.  
Men alt nå  
vet vi svaret,  
vi vet det.*

*Det å elske hverandre  
er alt,  
bære byrder  
når en har for mye,  
holde oppe  
når noen har falt.*

*Til å elske,  
til det  
er vi kalt.*



Golingar i fakkeltog.  
F.v. Ådne, Eivind, Martin og Christian



Show frå scena i Håkons hall



Gol og Hemsedalskonfirmantane  
samlast i Håkons hall



Konfirmantane ventar på å  
pakke bussen for heimreise.



# På besøk hjå Olav Fykse Tveit i Genève

TEKST OG FOTO: JAN OLAV SKINNEMOEN OG KJETIL TH. STOREBRÅTEN

Dei siste 10 åra har Olav Fykse Tveit vore ein av dei tre største kyrkjelieiarane i verda. Han har vore generalsekretær i Kirkenes verdensråd (World council of churches), som er eit fellesorgan for kyrkjene i heile verda, og koordinerer det økumeniske arbeidet både på det teologiske og sosial-etiske området. Tanken om eitt felles kristent organ for kyrkjene i verda oppsto rett før andre verdskrigen, men på grunn av krigen vart rådet etablert i 1948. Det fyrste møtet vart halde i Amsterdam, og då bestod rådet av 147 medlemskyrkjer frå 44 land. Den Norske kyrkja har vore medlem sidan starten. I dag har kirkenes verdensråd (KV) ca. 350 medlemskyrkjer på alle kontinent i meir enn 120 land. Kyrkjelyden består av meir enn 550 millionar kristne.

KV har sitt hovudsete i Genève- dialoganes by, og difor reiste vi på eit besøk til Olav i januar 2020.

## Dugurd i sola

Til vanleg er Olav stort sett på reisefot i og med at han må besøkje kyrkjer over heile verda. Denne helga hadde han tatt fri for å være vertskap for to vener frå Gol. Olav møtte oss på flyplassen i Genève, og tok hand om oss frå vi kom til vi reiste. Genève viste seg frå si beste side med strålende vær. Me drog først heim til Olav og et ein god dugurd i sola på terrassen med storlagten utsikt til Genfersjøen, og dei sveitsiske alpar med Mont Blanc i horisonten.

Me fekk så ein rundtur i området med mange praktfulle vingardar, og rakk også eit besøk i jazzbyen Montreux.

## Granatar og forsoning

Dagen etter reiste me til hovudkvarteret til KV der Olav har sitt kontor. Me fekk omvising i bygget.

Det fyrste som møtte oss var eit motiv på veggen av Jesu dåp. På golvet under bilde var Jordanelva forma i mosaikk. Eit symbol på dåpen som bind oss kristne saman. Symbolen til KV er ein båt, og masten på denne båten er eit kors. Eit par av dei gjorde spesielt inntrykk på oss. På venstre side av altaret stod det eit kors som er laga av granatsplintar frå bombene som fall over Dresden i 2. verdskrigen.



Olav Fykse Tveit (t.v.) saman med Jan Olav Skinnemoen utanfor huset til Olav i Genève. Genfersjøen og Jurafjella i bakgrunnen.




Symbolen til KV er ein båt med ei mast forma som eitt kors



Det står der som eit symbol på at sjølv ikkje krigens død skal ha det siste ordet i denne verda, og korset minner oss om at Gud ynskjer fred og forsoning. Me skal snart feira påske, og då får me høyra bodskapen om at Jesus skapte fred og forsoning mellom Gud og oss då han døydde på korset.

Olav synte oss også eit vakkert og uttrykksfullt kors frå India. Korset står på toppen av oljelampe i messing og er eit symbol på livet.



#### Kors frå Afrika

Etterpå rusla me ut i hovudhallen i bygningen. Der vart me også møtt av eit mektig kors.

På bildet kan du sjå korset med omrisset av det afrikanske kontinentet. På ei messingplate ved foten av korset las me denne teksta: Dette korset er skore ut av eit stykke teak som er henta frå ei sovevogn på den sørafrikanske jernbanen frå kolonitida.

Dette korset vart gjeve i samband med verdkongressen i Harare, Zimbabwe i 1998, og er laga av ein lokal kunstnar. Kyrkja har bidrege mykje i kampen mot apartheid i Sør Afrika og har ei viktig stemme også i dag. Olav fortalte at



han hadde hatt eit spesielt møte med biskop Desmond Tutu som syner dette. Tutu spurde om Olav skulle møte Angela Merkel. Olav bekrefta at det skulle han nokon månader seinare. Då må du gje henne ein bodskap får meg sa Tutu. Då han møtte Angela Merkel, framførde han bodskapen frå biskopen: Då eg hørde at du, Angela, hadde opna grensene for flyktningane til Tyskland, då var eg stolt over å vera eit menneske! Merkel vart synleg rørt over denne helsinga.

#### Svarte klede og ein katedral

Olav fortalte oss at kvar torsdag gjekk alle som arbeidde på KV i svarte klede. Dette



var for å syne solidaritet med alle verdas undertrykte og valdsutsette kvinner.

Etter eit spennande besøk hjå KV tok Olav oss med til katedralen i Genève. Der er det mellom anna ei minneplate på veggen der ein kan sjå namna på dei som var med på det fyrste økumeniske møtet etter krigen. Der står namnet til biskop Eivind Berggrav frå Noreg.



## Kyrkjerådet har 30. januar tilsett generalsekretæren i Kyrkjenes verdsråd, prest og dr. theol. Olav Fykse Tveit (59) som ny preses i Bispmøtet.

– Ein biskop skal både lytte til dei andre og samle og forene mangfaldet i kyrkja om vår felles tro. Som preses er det eit særleg ansvar å vere representativ for heile kyrkja og samstundes vere profilert. Det kan stundom bety at det er viktigare at ein formidlar bodskapen på ein god måte enn å dominere debatten og få det siste ordet, meiner den nytilsette biskopen.

Blant dei 12 biskopane er preses «fremst blant likestilde» (primus inter pares). Han eller ho er leiar av Bispmøtet og har i tillegg Nidaros domprosti som sitt tilsynsområde.

Preses har Nidarosdomen som domkyrkje saman med Nidaros biskop. Under Kyrkjemøtet i Trondheim skal det søndag 26. april vere vigslingsgudsteneste i Nidarosdomen. Då blir Olav Fykse Tveit vigsla til sin nye leiarstilling i Den norske kyrkja.

## Gåver frå mange land

Om kvelden drog me attende til bustaden til Olav. Det romma mange gåver frå reiser verda rundt. Mange veldig spesielle og nokon veldig annleis enn våre gåver. I tillegg til bøker og kunst og liknande synte Olav oss ei drakt han hadde fått då han vart unemnd til æresdoktor ved eit universitet i Sør Korea. Olav er ein av dei få verdsleiarane som har fått lov å besøka Nord-Korea.



Denne parasollen fekk Olav i gáve då han var på besök i Etiopia

Av andre gåver synte han oss ei parasoll frå Etiopia utsmykka med eit kors, og ei kvaltann frå Fiji-øyane. Me spurde han kva som var den mest spesielle gåva han hadde fått, den fekk han i Nigeria. Der fekk han ein blodtrykksmålar i gáve frå kyrkjelyden. Noko som er nyttig for ein travel generalsekretær!

## Heim for å bli preses

Olav har vore generalsekretær i KV i 10 år dvs. to periodar av 5 år. No er tida som generalsekretær slutt. 1 mars var siste arbeidsdag. Då flyttar han attende til Noreg og har vorte kalla til å vera preses dvs. øvste leiar for biskopane. Han skal ha tenestestad i Trondheim, og skal innsettas i Nidarosdomen 26. april 2020.

Me er takksame for at me fekk besøke Olav og ynskjer han Guds velsigning over den nye tenesta.



Olav er æresdoktor ved eit universitet i Sør-Korea. Der fekk han denne drakta med den artige hatten.

# Uforutsigbar vår Nasjonal dugnad mot korona-virus

TEKST: ANNE GERD JORDE

Heile landet vårt er på ein måte sett på vent. Når dette blir skrive er det meste av arrangement og samlingar avlyst for å kunne avgrense og utsetja utbrot av korona-viruset. Dette er ein nasjonal dugnad som vi alle står saman om.

I skrivande stund er både gudstenester og det aller meste av arrangement og samlingar i Den norske kyrkja avlyst for å unngå folkemengder. Berre gravferder blir gjennomført, men også her er det sterkt avgrensar kor mange som får samlast til seremoni.

Dei siste dagane har vore heilt spesielle og nye råd og tiltak har kome frå dag til dag og til tider nesten frå time til time. Dette gjer det svært vanskeleg å vite kva av kyrkja sine arrangement og samlingar som vil bli gjennomført i tida framover. Kyrkjebladet har både gudstenesteliste og omtale om andre samlingar som er planlagt, men i skrivande stund kan vi ikkje vite om dette blir arrangert slik det står, om alt blir avlyst eller om deler av det kan gjennomførast. Med andre ord veit vi svært lite i skrivande stund korleis kvardagen ser ut når dette bladet kjem i postkassa di.

Det er derfor viktig at du følgjer med på annonsering i Hallingdølen, bruk av nettsidene til kyrkjekontora og lik gjerne facebooksidene til kyrkja både i Hemsedal

og i Gol og Herad. På den måten kan du få oppdatert informasjon til eikvar tid. Dersom du ikkje bruker sosiale medie, så er det berre å ta ein telefon til kyrkjekontora. I skrivande stund er kyrkjekontora stengt for publikum, men alle tilsette er tilgjengelege på telefon.

## VI TRENG KVARANDRE NÅR LIVET BLIR UTFORDRANDE Korleis kan kyrkja arbeide når kyrkjene i hovudsak er stengde?

Det har kome mange pressemeldingar og e-postar til kyrkjekontora dei siste dagane før dette blir skrive. I ei av dei seier fungerande preses i Bispekontoret, biskop Atle Sommerfeldt, at vi treng kvarandre når livet blir utfordrande og vi treng å vende oss til Gud i bønn. Vidare skriv han at kyrkja sine medarbeidarar er opptekne av at kyrkja skal vera til stade for folk som vil ha forbønn, samtale og fellesskap og at vi samtidig må vera med på den nasjonale innsatsen mot koronaviruset. Atle Sommerfeldt oppfordrar til å gjera bruk av tilboda som vil vera tilgjengelege på nettet. Dette tenkte eg at eg skulle prøve ut og gjekk inn på facebooksida til Den norske kyrkje. Plutseleg så var eg «tilstade» i Oslo domkirke sjølv om alle dører var stengte der. Det var ein fin andaktstund som vart sendt derfrå med både musikk, tale, lystenning og bønn.

På [www.kirken.no/be](http://www.kirken.no/be) finns det ein bønnevegg der du kan dele bønnene dine med andre og «tenne lys». Her er ei aktuell bønn som er henta frå Bønneveggen:

*Et lys er tent for alle ensomme og redde, for de som har tungt å bære. Et lys er tent for alle hjelpare der ute, og spesielt for helsepersonell. Gud jeg ber.*

Eg er sikker på at kreativiteten for digitale møteplassar i kyrkja vil blomstre i den tida vi er inne i – ei krisetid der vi ynskjer å søke Gud samtidig som vi ikkje kan møtast fysisk.

Det er også mogleg å lage små treffpunkt på Skype der vi kan både sjå og snakke med kvarandre eller bruke facetime. Men det er også mogleg å bruke ein heilt vanleg telefon og ringe til kvarandre for ei god samtale.

Du skal vite at du er velkommen til å ta kontakt med kyrjelege tilsette for samtaler om ein ikkje alltid kan møtast fysisk. I den tida vi er inne i vil mykje av arbeidet kunne gå føre seg på denne måten. Særleg prest og diakon vil vera tilgjengelege for åndelege samtaler på telefon.

Les gjerne diktet på side 5.

# Intervju med Gunn-Astrid Frøysok

TEKST OG FOTO: LUDVIG MUNKEJORD

Når me har fått nytt sokneråd for heile Gol, inkludert det gamle Herad sokn, er det på sin plass å slå av ein liten prat med soknerådsleiaen vår. Gunn-Astrid Frøysok er ingen nykomar i faget. Dei siste fire åra har ho vore leiar for Herad sokneråd – så ho visste kva ho gjekk til.

- Det er positivt og kjekt å være med i soknerådet, seier ho. Det er spennande å ha fått ny prest å samarbeide med. Og så er det så fint med mange tærige folk i soknerådet som stiller opp slik dei alltid har gjort. Då er det greitt å være leiar. Soknerådsarbeidet er mangfaldig og variert, det er store summar i rekneskap og budsjett som skal handsamast og me har arbeidsgjevaransvar for mange.

Samstundes er det og mange konkrete «småsaker» som me må drøfte og bestemme oss for.

Det er godt at me har så mange flinke og ivrige folk rundt oss. Og det er spennende å jobbe saman med ting som er viktige i lokalsamfunnet og som betyr noko for dei fleste.

Den største utfordringa for oss akkurat no er å organisere arbeidet vårt slik at me tar vare på begge kyrkjene og kyrkjarbeidet slik som før. Det er alltid ei utfordring å endre på ting, men dette bør me få til. Me har og sett ned eit kyrkjeutval for kvar av kyrkjene, og me er veldig opne for innspel og idear frå kven det måtte være.



Samstundes er det eit stort arbeid å ta vare på kyrkjene våre reint teknisk og bygningsmessig. Den seinare tida har me jobba mykje med brannsikring – det er ein viktig jobb! Og så skjer det mykje aktivitet i soknerådet sitt ansvar: gudstenestliv, trusopplæring, konfirmantarbeid, diaconi, kyrkjemusikk og mykje anna. Det er jo det viktigaste av alt me er opptatt av i soknerådet, det er det som er kyrkjearbeidet!

## ÅRETS FASTEAKSJON BLIR DIGITAL OG ER VIKTIGERE ENN NOENSINNE



Vipps, SMS  
**(GAVE) 2426** (200 kr)

Verden står nå overfor en pandemi, som rammer oss alle. I Kirkens Nødhjelp er vi spesielt bekymret for de mest sårbarer menneskene i verden. Koronaviruset kan få katastrofale konsekvenser for land med stor fattigdom og dårlig utbygde helse-systemer. Rent vann og god hygiene er livsviktige i denne ekstreme situasjonen. Både for å forebygge videre spredning, men også for å hjelpe de som allerede er rammet.

For å hindre spredning også her hjemme i Norge, vil våre inn-samlere i Fasteaksjonen ikke komme på døra. Dette betyr at pengene til årets fasteaksjon ikke samles inn dør til dør, men via Vipps 2426, via fasteaksjonen.no og på sosiale medier, særlig Facebook.

I en så krevende situasjon, må vi stå sammen og hjelpe hverandre. Vi er alle sårbarer nå.  
Hjelp oss å hjelpe de mest sårbarer.  
Vær med å redde liv og støtt oss  
digitalt i årets fasteaksjon.



**KIRKENS NØDHJELP**  
actalliance

# KUNNGJERINGAR

## DØYPTE

**Herad kyrkje:**

16.02.20 Marthe Øynebråten Bekkedal

**Gol kyrkje:**

23.02.20 Elias Gauteplass Tormodsgard  
08.03.20 Sander Sletto Øen  
08.03.20 Helena Haugstad  
08.03.20 Ellen Haugstad  
08.03.20 Andre Haugstad

**Hemsedal kyrkje:**

16.02.20 Johannes Thorsnes Pedersen  
23.02.20 Magnus Scott Mythe  
Glendinning

## VIGDE

**Hemsedal Kyrkje**

22.02.20 Hege Bergaplass og  
Ståle Kragh Jenssen

**Harahorn Kapell**

08.02.20 Lucie Wood Holtermann og  
Alexander Peter Hallam Mills

**NESTE KYRKJEBLAD**

Nr. 3/2020 kjem ut i uke 24  
Stoff sender ein til: [oaalrust@online.no](mailto:oaalrust@online.no)  
**innan 14. mai**

## DØDE

**Herad kyrkje:**

14.02.20 Oddvar Brenno f.1952  
07.03.20 Kari Svingen f.1925

**Gol kyrkje:**

22.11.19 Torleiv Olai Bøygaard f.1931  
(retting)  
24.02.20 Olav Skredderberget f. 1931  
01.03.20 Finn Anker Frisenbergf. 1931  
04.03.20 Knut Stensrud f. 1946  
11.03.20 Nils Brekke f. 1955  
15.03.20 Ole Magnetun f. 1927  
21.02.20 Ruth Pedersen f.1934  
(gravlagt Haug kirke)

**Hemsedal kyrkje:**

09.09.19 Olav O. Ødegård f. 1930  
20.02.20 Aud Tyskeberget Mørkenf. 1956  
22.02.20 Ingrid Grethe Bakko f. 1942  
24.02.20 Torill Østby f.1944

## 10-13 i klatreveggen

10-13 på Gullrekka brukar å ha ei samling i semesteret i klatrehallen. Vanlegvis har dei andakt og aktivitetar i gymsalen på Gol gamle skule, men fredag 6. mars var det tid for å klatre til topps igjen!

**Gullrekka er for alle frå 0-13 på bedehuset ein fredag i månaden.**  
Der er det mogleg å kjøpe seg fredags-taco for heile familien frå klokka 16.30, før fellessamlinga startar 17.30. Den varar berre eitt kvarter, før vi deler i grupper.

Då går altså 10-13 til gymsal/klatring, mens 7-9 og 4-6 har Sprell Levande opplegg frå sundagsskulen. Dei under 4 får med seg ein vaksen ned i kjellaren til småbarnssang og leik!

**Velkommen på Gullrekka!**



## Vi trenger din støtte!

**Vi oppfordrer alle til å betale blad-penger med kr. 290,- til kontonummer  
2367.60.00097 eller vipps 591790**

**Tusen takk fra alle oss i redaksjonen!**

**GOL BEGRAVELSESBYRÅ AS**

Bente Andreassen - Vakt tlf. 480 234 77  
[www.golbb.no](http://www.golbb.no)

**HEMSEDAL GRAVFERDSBYRÅ**

Olav Støyten og Hans Vidar Sørensen  
Tlf: 97 41 41 00

**JØLSTAD HALLINGDAL  
GRAVFERDSBYRÅ AS**

Steinar Aa - Vakt tlf: 32 08 23 00  
[www.hallingdalgravferd.no](http://www.hallingdalgravferd.no)

## Årsmeldingar

Alle årsmeldingane for 2019 vil du finne på heimesida til kyrkjekontora.

Dersom du ikkje er på internett og gjerne vil lese årsmeldingane, kan du ta kontakt med kyrkjeverjene så sender vi årsmeldingane du ynskjer til deg i posten.

**Hemsedal:**

[www.hemsedal.kyrkja.no](http://www.hemsedal.kyrkja.no)  
Tlf. 908 21 745

**Gol:**

[www.gol.kyrkja.no](http://www.gol.kyrkja.no)  
Tlf. 971 58 134

# VELKOMEN TIL KYRKJE!

## 19. april – 2. søndag i påsketida

HERAD KYRKJE KL. 17.00  
Gudsteneste. Nattverd. Sørumshagen.  
Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

## 26. april – 3. søndag i påsketida

GOL KYRKJE KL. 11.00  
Gudsteneste. Nattverd. Bleiktvedt.  
Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

HEMSEDAL KYRKJE KL 11.00

Gudsteneste. Sørumshagen.  
Takkoffer: Trusopplæringa i  
kyrkjelyden.

## 3. mai – 4. søndag i påsketida

HERAD KYRKJE KL 11.00  
Gudsteneste. Bleiktvedt.  
Takkoffer: Kyrkjebladet

HEMSEDAL KYRKJESTUGU KL 17.00

(Mat kl.16.00)  
Søndag for alle.

## 10. mai – 5. søndag i påsketida

GOL KYRKJE KL 11.00  
Gudsteneste.. Bleiktvedt.  
Takkoffer: Kyrkjebladet

HEMSEDAL KYRKJE KL 11.00

Gudsteneste. Nattverd. Sørumshagen.  
Takkoffer: KRIK-lokallag i Hemsedal.

## 17. mai - grunnlovsdag og 6. søndag i påsketida

HERAD KYRKJE KL 09.30  
Gudsteneste. Bleiktvedt.  
Takkoffer: Redd barna.

HEMSEDAL KYRKJE KL 10.15

Gudsteneste. Sørumshagen.  
Takkoffer: Norske kyrkja i utlandet  
(Sjømannskyrkja).

## 24. mai – søndag før pinse

HEMSEDAL KYRKJE KL 11.00  
Gudsteneste. Sørumshagen.  
Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet.

HERAD KYRKJE KL 11.00

Gudsteneste. PU-sangstund deltek.  
Bleiktvedt. Frøyland Bleiktvedt.  
Takkoffer: Kirkens bymisjon.

## 31. mai – Pinsedag

GOL KYRKJE KL 11.00  
Gudsteneste. Nattverd.  
50-årskonfirmantar.  
Sørumshagen.  
Takkoffer: Norske kyrkja i utlandet  
(Sjømannskyrkja).

HEMSEDAL KYRKJE KL 17.00

Pinsegudsteneste. Sørumshagen.  
Takkoffer.

## 7. juni – Treeiningssøndag

GOL KYRKJE KL 11.00  
Gudsteneste. Tårnagent. Gruppe fra  
Frelsesarmeens deltek.  
Bleiktvedt. Haraldset Hafsås.  
Takkoffer: Gullrekka.

## 14. juni – 2. søndag i treeiningstida

GOL STAVKYRKJE KL 11.00  
Folkemusikkmesse. Nattverd.  
Bleiktvedt.  
Takkoffer: Musikkarbeidet i stavkyrka.

## 21. juni – 3. søndag i treeiningssøndag

HEMSEDAL KYRKJE KL 11.00  
Gudsteneste. Nattverd. Sørumshagen.  
Takkoffer: S-klubben i Hemsedal.

HERAD VEL PLASS KL 19.00

St. Hans gudsteneste. Sørumshagen.  
Takkoffer: Diakoniarbeidet i  
kyrkjelyden.

Overskrifta for denne sida er  
fortsatt «Velkommen til kyrkje!»  
sjølv om mange gudstenester  
er avlyst framover.

Når vi feirar gudstjeneste feirar vi Jesu  
oppstandelse. Vi feirar sjølve livet.  
Og livet kan sjøl ikkje koronaviruset  
stoppe, men det kan stoppe det  
vanlege gudstenestelivet.

Det er til no i skrivande stund avgjort  
nasjonalt at det ikkje bli gudstenester  
frå no og ut påske. I tillegg er alle  
konfirmasjonsgudstenester avlyst.  
Det same er samtalegudstenester  
med konfirmantane.

**Nye datoar for konfirmasjon  
er som følgjer:** Hemsedal 26. og 27.  
september, Herad 4. oktober, Gol 10.  
og 11. oktober.

Desse datoane er også med forbehold.  
Tida framover er usikker, dermed er  
også lista og dei datoane som står  
usikre. Følg med på våre andre kanalar  
om det kjem forandringar med tida.  
Uansett skal vi fortsatt trassig feire  
oppstandelsen og det nye livet!

Vi diskuterar i denne tida korleis vi  
kan få til det. Løysningar er det fleire  
av, dei fleste er digitale. Du kan vente  
deg å sjå forskjellig materiale frå oss  
på våre digitale kanalar. Elles vil eg  
anbefala å delta i dei digitale felleskap  
som allereie finst på kirken.no. Der  
kan du gå inn og delta i kveldsbønn,  
gudstjenester, sjå prekner og anna.

Det er ikkje gudsteneste som det  
pleier, men kyrkja sitt felleskap lev  
fortsatt gjennom dei digitale kanalar.  
Bli med og feir Jesus og livet!

*Med venleg helsing  
Arnstein Bleiktvedt, Guds fred!*

## Dugnad på kyrkjegardane

### Herad kyrkjegard

Tysdag 28. april kl 10.00 – 20.00

### Gol kyrkjegard

Tysdag 5. mai - 10.00 - 20.00

### Hemsedal kyrkjegard

Tysdag 12. mai kl 10.00

På grunn av smittefare i samband med Koronaviruset ber vi folk halde god avstand og derfor er tidspunktet for dugnaden utvida kraftig. Bra om folk fordeler seg utover dagen. Ta med reiskap. I år må du også ta med eigen mat og drikke om du vil ha litt å bite i. Vi treng di hjelp for å få fin kyrkjegard etter vinteren.

**VELKOMMEN!**



591790

Vipps nummer



517300

Vipps nummer



105608

Vipps nummer



542742

Vipps nummer

# Påskens fra A til Å

TEKST: TRYGVE W. JORDHEIM

**H for hosianna, P for Pilatus, E for engel.** Vi lar alfabetet hjelpe oss gjennom sentrale og mindre sentrale sider ved påskens.

**A for Agnus dei:** Latin for «Guds lam», et av begrepene som blir brukt om Jesus. Uttrykket har røtter i den jødiske påskefeiringen (se Z).

**B for Betlehem:** Det går en tydelig linje fra juleevangeliet, der det viktigste skjer i Betlehem, til påskebegivenhetene i Jerusalem.

**C for cirka:** Jesus var cirka 33 år da han døde og sto opp igjen.

**D for da Vinci:** Leonardo da Vinci (1452-1519) har malt verdens mest kjente bilde av den første nattverden (se K). Motivet er malt direkte på veggen i Santa Maria delle Grazie, som er en kirke og et kloster i Milano i Italia.

**E for engel:** Da kvinnene kom til graven påskemorgen, steg en engel ned fra himmelen, rullet steinen foran graven til side og fortalte dem at Jesus var stått opp.

**F for ferie:** Påskens kommer med ekstra «rød-dager» på kalenderen: skjærtorsdag, langfredag og 2. påskedag (mandag).

**G for Getsemene:** Getsemene er navnet på hagen der Jesus ble pågrepet av romerske soldater (se R).

**H for hosianna:** På palmesøndag hyllet folket Jesus som konge og ropte: Hosianna, velsignet være han som kommer i Herrens navn.

**I for INRI:** «Iesus Nazarenus Rex Iudeorum» er latin og betyr «Jesus fra Nasaret, jødenes konge». Dette skrev Pontius Pilatus (se P) på et skilt som han hengte på Jesu kors.

**J for Jesus:** Påskens kjernebudskap er at Jesus døde på et kors for menneskenes synder og sto opp igjen.

**K for kommunion:** Kommunion er et annet ord for nattverd, det kristne fellesskapsmåltidet. Nattverden ble etablert (innstiftet) av Jesus skjærtorsdag.

**L for langfredag:** Dagen da Jesus ble korsfestet kalles langfredag – fordi den er lang og sorgtung. På engelsk heter dagen «Good Friday», men vi vet ikke sikkert hvorfor. Det kan handle om «good» i betydningen «hellig», men det spekuleres også på om det egentlig skal være «God friday».

**M for Maria:** Jesu mor, Maria, var blant dem som var der da Jesus ble korsfestet. Maria Magdalena fant graven tom (se G) søndag morgen.

**N for Nikea:** På kirkemøtet i Nikea i 325 ble det bestemt at første påskedag skulle være første søndag etter første fullmåne etter vårjevndøgn (se V). Nikea heter i dag Iznik og ligger i Tyrkia.

**O for oblat:** Det lille, kjeks-aktige brødet som brukes i nattverden, (se K) kalles en oblat.

**P for Pilatus:** Pontius Pilatus var romernes (se R) representant i Jerusalem. Det var han som til slutt dømte Jesus til døden.

**Q for Quo vadis:** «Quo vadis?» er en historisk roman utgitt i 1896, av polske Henryk Sienkiewicz. Den handler om apostelen Peter, som til tross for sin menneskelige svakhet ble utpekt av Jesus til en viktig leder i urkirken.

**R for Roma:** Romerriket er et av historiens mektigste imperier. Mellom 115 og 117 e.Kr. var riket på sitt største. Da kontrollerte romerne hele Middelhavet samt et område som strakte seg fra Irskesjøen til Persiabukta.

**S før søndag:** Rettssaken mot Jesus ble gjort raskt unna for å få saken avsluttet før sabbaten, jødenes helligdag, som starter fredag ettermiddag og varer til lørdag etter solnedgang. At Jesus sto opp fra de døde på en søndag, er grunnen til at dette er den kristne helligdagen.

**T for å toe:** Pilatus forsto ikke hva galt Jesus hadde gjort, men ga til slutt etter for presset fra folkemengden. Han vasket da hendene og sa: «Jeg er uskyldig i dennemannens blod. Dette blir deres sak.» Dette er opphavet til begrepet «å toe sine hender» (toe = vaske), som betyr å fraskrive seg ansvar.

**U for ultrafiolett:** UV-stråling har en rekke skadelige effekter på levende celler, så husk solkrem hvis du skal på fjellet.

**V for vårjevndøgn:** Første påskedag faller på første søndag etter første fullmåne etter vårjevndøgn. Vårjevndøgn inntrer når natt og dag er like lange, og det skjer når jordens akse står vinkelrett i forhold til sola. Dette skjer 20. eller 21. mars.

**W for winner:** Påskebudskapet kan oppsummeres med at livet vant over døden.

**X for X-kors:** Alle apostlene (Jesus tolv nærmeste disipler) bortsett fra én, ble drept sin tro. Han som het Andreas ble korsfestet på et x-formet kors, som derfor kalles et Andreaskors.

**Y for yksi:** Yksi betyr én på finsk. Kristen-dommen er én av tre store religioner som har det til felles at de tilber én gud.

**Z for 7:** Bokstaven Z sto opprinnelig på sjuende plass i det latinske alfabetet. Sju er et hellig tall i jødedommen, og jødene feirer påske (pesach) til minne om utferden fra Egypt.

**Æ for ære:** «Deg være ære» er en av de mest kjente påskesalmene. Teksten er skrevet av sveitseren Edmond Louis Budry i 1885 og oversatt til norsk av Arne Fjelberg i 1947.

**Ø for øst:** Sola står opp i øst. Fra gammelt av sies det at påskemorgensola danser av glede over Jesu oppstandelse.

**Å for åker:** Da Judas hadde tatt livet sitt, kjøpte overprestene en åker for de 30 sølvpengene han hadde fått for å forrade Jesus. Åkeren ble brukt som gravplass for fremmede.

